

Signy Refsnes  
Monica Nord-Varhaug  
Stig Hobberstad  
Mari Kristiansdottir  
Trine Tengesdal  
Morten Nord-Varhaug

**Forfall:** Ellen Marie Stokka

## **Referat frå FAU møte 25.oktober 2022.**

### **14/22 Godkjenning av innkalling og saksliste**

Innkallinga og sakslista vart godkjent når saksnummera blei retta opp.

### **15/22 Godkjenning av referatet frå møtet 03.05. 2022.**

Referatet er godkjent med følgjande kommentarar:

1. Sak 10/22. «Hjelm», utsettast til neste møte.
2. Sak 11/22. «Merknadar». Det blei lufta at det ofte er ein snakkis heime om kven som gir mest merknadar på dei ulike trinna. Det er svært uheldig og FAU ber skulen om at dette bør det snakka om fleire gongar i halvåret. Kva er målet og hensikta med ein merknad? Ein melding heim på visma kan være vel så bra som ein merknad. Fleire offentlege skular har gått heilt bort frå det å bruka merknad, blant anna fleire skular i Hå.

### **16/22 Konstituering av FAU 2022-2023.**

Leiar: **Trine Tengesdal**

Nestleiar: **Signy Refsnes**

Møter i styret til Tryggheim skular: : **Stig Hobberstad**

Vara representant til styret for Tryggheim skular: **Monica Nord-Varhaug**

FAU representantar i FAU utan styreverv:

- **Mari Kristiansdottir**
- **Ellen Marie Stokka**

Sekretær: **Tron-Arild Grødem**

(Morten Nord-Varhaug i Tron-Arild sitt fråvær)

### **17/22 Generell informasjon**

- Det er 263 elevar på skulen skuleåret 2022-2023
  - ✓ 96 elevar på 8.trinn
  - ✓ 96 elevar på 9.trinn
  - ✓ 71 elevar på 10.trinn.
  
- Det ble gitt en generell informasjon om dei ulike turane me har på dei ulike trinna. Dette er en del av TUS sitt DNA og ein prioritering skulen gjer for å byggja eit godt, trygt og sosialt miljø på skulen og i klassane (sosialpedagogiske plan).  
Tilbakemeldingane frå FAU er at desse turane er utruleg bra og gjer noko med elevane, både sosialt og læringsutbyttet i ettertid.
  
- Elevrådet valde førre skuleår Misjonsprosjektet til Aust Afrika. Me støttar to prosjekt:
  1. Evangelisering som går ut på at det blir laga animasjonsfilmar på Svahili. Filmane har tittelen:» Arven etter Adam». Det blei også gitt informasjon om at mykje av arbeidet me driv i Aust Afrika er eit sensitivt arbeid.
  2. Bistand der ein støtter arbeidet med å grava brønner og laga sisterner. I tillegg har helse, hygiene og leseopplæring eit stort fokus i dette prosjektet.
  - ✓ Tron-Arild og Dorthea reiste saman med to elevar til Aust Afrika i september. Dei sterke Inntrykka frå denne turen fekk me eit lite innblikk i under misjonsfesten 28. september.
  - ✓ Misjonsfesten ble gjennomført 28. september med ca 750 elever, foreldre og besteforeldre. Misjonsdagane samla inn ca 150 000 kr til dette prosjektet og skulen håper å nå målet som tidlegare år på kr 400 000.
  
- Det blei gitt ein generell informasjon om det pedagogiske utviklingsarbeid ved skulen. Me har nå starta opp eit arbeid der inkluderande læringsmiljø er ein hovudoverskrift. Elles har me fokus på at TUS framleis er ein dysleksivenleg skule.
  
- Det blei også gitt ein generell informasjon om at skulens leiing er i ein omstrukturingsfase dette skuleåret.

Årsmeldinga gir eit bilete av både historikk, elevutvikling, ramar og lokalar, personale, undervisning, praksisskule, organisering og misjonsprosjekt. Siste året samla ein inn nesten 400.000 kroner til misjonsprosjektet. Totalt har skulen samla inn sidan 2005 nesten 4,2 millionar kroner til misjonsprosjekta.

**19/22 Handlingsplanen for eit trygt og godt skulemiljø + Sosialpedagogisk plan**

Det vart orientert om handlingsplanen for eit trygt og godt skulemiljø + den sosialpedagogiske planen for Tryggheim ungdomsskule. Det daglege fokus er førebygging på ulike områder.

**20/22 Møtedatoar for FAU 2022-2023**

FAU kjem til å ha møte desse datoane skuleåret 2022 – 2023.

- Tysdag 6.desember klokka 19.30
- Tysdag 21.februar klokka 19.30
- Tysdag 9.mai klokka 19.30

**21/22 Eventuelt**

Det kom eit innspel om at dei som har arbeidslivsfag på 9. trinn mistar to andakter kvar veke. Kan me gjere noko me det?

Morten Nord-Varhaug  
Referent